



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: OL485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/09/25

Dato:
02.09.2025

Innkalling til møte i Fellesrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Onsdag 17. september 2025 kl 17.30

Sakliste:

- 22/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
- 23/25 Meldingar
- 24/25 Status trusopplæring
- 25/25 Økonomisk kvartalsrapport, 2. kvartal 2025
- 26/25 Kyrkjelege avgifter 2026
- 27/25 Satsar for gravstell 2026
- 28/25 Budsjett KKF 2026
- 29/25 Møtekalender hausten 2025
- 30/25 Nytt restaureringsprosjekt: Øystese kyrkje

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL M Ø T T !

For Fellesrådet:

Kjell Dysvik, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

22/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 25. juni 2025 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

23/25 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Som fellesrådet nok kjenner til: Norunn Rød Markhus er tilsett og har teke imot stillinga som prestevikar/prest under utdanning for Øystese og Ålvik sokn. Fellesrådet stiller seg i rekkjene av gratulantar – og ynskjer varmt velkomen til godt samarbeid i åra som kjem. Norunn skal studera og gjera ferdig prestestudiet dei komande åra, og vil difor arbeida i 60% stilling og studera i 40% stilling. Denne reduksjon i presteteneste hjå oss vil i utgangspunktet ikkje verta kompensert hjå bispedømet, men prost Arild lovar at belastninga i noko grad kan fordelast over heile prostiet. Lat oss vona det.
- Restaureringa av Strandebarm kyrkje er fullført. Skinande blankt kopartårn helsar no vegfarande, og kvar ei helle er systematisk lagt om og festa på nytt. Loftet har fått ny isolasjon, og alle vindaugo i tårnet er restaurerte på fagleg vis. Nye beslag er komne på plass over alt, nye takrenner blenkjer i sola, og tårnet er både skrappt og måla to gonger. Samarbeidet med Hardanger og Voss museum har vore upåklageleg, like eins dialogen med Kvam herad og Riksantikvaren undervegs. Det føreligg solid dokumentasjon av heile prosessen, både skriftleg og i biletform, og det er med glede me ser at katedralen i Strandebarm no framstår både vakker og godt sikra for å tola det som måtte koma dei neste 150 åra – minst. Neste år er det jubileum, kyrkja er 150 år. Soknerådet er i full gang med førebuing til det som vert ein folkefest.
- Minnelunden i Øystese er i desse dagar i ferd me å verta ein realitet. Entreprenør Johan Skeie AS har vore i sving sidan tidleg i august, og tidsplanen ser ut til å halda godt. I november set me ned dei første urnene i det som vert ein verdig og godt gjennomarbeidd minnelund.
- Det kom ingen søkjarar til den ledige vikariatet som kyrkjelydspedagog i Kvam. Vikariatet går frå 01.08.2025 til 31. 12. 2025. Imidlertid er det gledeleg å fortelja at Julie Haaberg går inn i dette vikariatet etter jul og fram til sommaren. Sjå elles sak 24/25.

.

24/25 Status trusopplæring

Framlegg til vedtak: Kyrkjeverje får fullmakt til å løysa og prioritera dei tiltak som det er mogeleg å få til på trusopplæringsfronten fram til jul 2025. Det ledige vikariatet fram til jul vert ikkje lyst ut att på nytt. Eit samarbeid på det økonomiske plan med aktørar i barne- og ungdomsarbeid i bedehuset kan vera ein aktuell veg å gå. Paralellt vert det sett ned ei arbeidsgruppe i staben for å revidera trusopplæringsplanen vår.

Trusopplæringa i Kvam arbeider etter vedteken plan. Den vart vedteken i 2015, og er etterkvart moden for revisjon, ikkje minst sidan kyrkjerådet i stor grad har løyst opp sine egne reglar for kva trusopplæring kan vera. Me kjenner til at tiltaksmodellen for kvart årskull som har lege til grunn for planen vår, no i noko grad kan erstattast med anna tenkning. Blant anna kan barnekoret i Øystese no vera ein del av trusopplæringa, noko som var uråd tidlegare. Alt dette gjer at me må tenkja nytt, både som arbeidsgjevar og som sokn. Me får også signal frå kyrkjerådet om at den overordna økonomien er under hardt press, og at det foregår ei nedbemanning på mange plan, både i bispedøma og i kyrkjerådet. Slike ting har ein tendens til å forplanta seg ned på soknenivå – men førebels har me forsikring frå oven om at trusopplæringsmidlane våre ikkje skal rørast.

Mannskapsmessig er me også i endring. Me har ledige stilling i haust, - men vakante stiliingar er også kjærkomne for vår pressa økonomi. Me vil klara kravet frå bispedømmet om utnytting av årets midlar også om me ikkje tilset nokon no i haust. Våren 2025 brukte me mykje pengar på trusopplæring – dette gjer at me kan bruka mindre i haust.

Dersom me ser at det er unytta midlar i vårt eige hus no haust, er det kyrkjeverje sin tanke at det må vera rett å samarbeida med dei som allereie har eit godt barne- og ungdomsarbeid, - bedehusa rundt i kommunen. Dei driv frivillig arbeid i det same segmentet som vår eigen trusopplæringsplan, og ei avlønning av medarbeidarar der i eit kort tidsrom vil kjennast både rett og fornuftig. Dette er eit unntak - frå årsskiftet av har me egne folk i eige stillingar.

25/25 Økonomisk kvartalsrapport

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Det førebelse resultatet er på pluss 625 507,- så langt i år.

Kommentar:

Kyrkjeverjen har ei oppriktig von om at fellesrådet si drift kan gå i pluss dette året. Ein reduksjon i stillingar, både med vakansar (sjå sak 24/25) og i form av langvarige sjukmeldingar, kombinert med eit ekstra tilskot frå heradet på kr 500 000,- for 2025, har gjeve resultat. Det er også teke grep og gjort innkjøp på kyrkjegarden som sparar mykje arbeidskraft.

Kyrkjeverje er glad for at store vedlikehaldsprosjekt har vorte utført i 2025, men er likevel uroa over mangelen på samsvar mellom ressursar og dei oppgåver fellesrådet til ei kvar tid er sette til å løysa. Kyrkjeverje vil halda fram å gjera dei nødvendige tiltak for å koma i balanse med økonomien.

Resultatrapport og kommentarar til rekneskapsstatus ligg som eige vedlegg til innkallinga.

26/25 Kyrkjelege avgifter 2026

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tilrår fylgjande satsar for kyrkjelege avgifter for 2026 til Kvam heradsstyre.

Dette er ei årleg øving: desse avgiftene gjeld kommunale tenester for gravferdsforvaltninga. Etter vår tilråding skal Kvam heradsstyre så vedta desse i budsjettet sitt.

Me har fått opplyst av Kvam herad at deira tilråding for prisauke for avgifter og gebyr er på kr 4,5 %. Det er ingen grunn til at me skal tenkja annleis. Tabellen er difor som fylgjer, med litt avrunding til næraste fornuftige tal:

For gravferder:	2025	2026
Festeavgift for grav	440	460
Festeavgift for grav over 60 år	880	920
Utanbygds avgift, gravferds-seremoni i kyrkje	10 700	11 200
Utanbygds avgift, kiste-nedsenking	6 500	6 750
Utanbygds avgift, urne-nedsetjing	2 650	2 750

27/25 Satsar for gravstell 2026

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande satsar for gravstell for sesongen 2026:

	2025	2026
Standard avtale	2250	2350
Redusert avtale	1750	1825

Me steller eit stadig aukande antal graver i Kvam. Me har passert 200 med god margin, og nye kjem til heile tida. Også for denne tenesta er det naturleg å nytta den same auken i prosent som for kyrkjelege kommunale avgifter.

28/25 Budsjett 2026

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner framlagde budsjett som retningsgjevande, og sender det til Kvam herad som vårt innspel i samband med budsjettprosessen. Når budsjettsum frå kommune er kjent, vil fellesrådet gjera sitt endelege budsjettvedtak.

Budsjettkommentar:

- Auken i det ynskete drifts-tilskotet frå Kvam herad tek opp i seg pris-og lønssstigning, samt eit ynskje om å kunna ha driftskapital gjennom året. Me viser til vår utfordrande økonomiske situasjon, og bed om kr 7400 000,- Dette er 3,5% auke får 2025.
- Investeringar: For 2026 er det naturleg å be om at namna minnelund til Norheimsund kyrkje vert prioritert av Kvam herad. Øystese minnelund er snart ferdig – og godt innanfor budsjettet. Det same er restaureringa av Strandebarm kyrkje. Norheimsund minnelund har eit ferdig forprosjekt, og kan gjennomførast i 2025. Budsjettsummen for denne er stipulert til kr 3,5 mill.

Driftsbudsjett 2026

	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Årsregnskap 2024
Fastlønn, feriepengar mm	5 900 000	5 800 000	6 293 114
Vikarer	0	75 000	0
Styrehonorar	45 000	45 000	44 688
Pensjonskostnad	1 100 000	1 300 000	864 808
Refusjon NAV, lønnstilskot	-300 000	-420 000	-647 077
Yrkesskadeforsikring	50 000	47 000	44 911
Andre personalkostnader	0	30 000	-12 405
AGA	720 270	725 782	748 542
Kontormateriell	150 000	200 000	282 635
Aktivitetsrelatert forbruksmat/ utstyr/tjenester (herunder konf.leir)	450 000	470 000	420 080
Annet forbruksmaterieil			
Kjøp av tenester	300 000	200 000	351 262
Post, bank, telefoni og datalinjer	80 000	100 000	96 352
Annonser, reklame, info og repr.	80 000	80 000	76 272
Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	25 000	20 000	27 422
Bilkostnader	80 000	80 000	86 966
Køyregodtgjersle	100 000	130 000	115 506
Energi	500 000	400 000	499 467
Renhold, renovasjon	150 000	120 000	124 929
Forsikringar, inkl. bil	300 000	296 000	284 963
Leie av lokaler og grunn	15 000	15 000	10 250
Avgifter, gebyrer og lisenser	250 000	230 000	265 839
Inventar og utstyr	50 000	40 000	21 553
Leie, leasing, kjøp av transportmidler	35 000	30 000	22 598
Leie, leasing, kjøp av maskiner	40 000	40 000	0
Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	300 000	100 000	19 991
Serviceavtaler og reparasjoner	150 000	100 000	129 602
Materialer til vedlikehold, inkl arbeidskle	100 000	75 000	70 499
Vakthold og vekttertjenester, alarm	50 000	42 000	26 156
Rekneskap og revisjon	325 000	250 000	372 742
Refusjon til menighetsråd	85 000	85 000	
Kontingentar	100 000	75 000	86 103

Andre kostnader, inkl. tap på krav	100 000	70 000	706 375
Mva som gir rett til momskompensasjon			
Renteutgifter	40 000	30 000	77 081
Avdragsutgifter			
Dekning av tidligere års regnskapsm. merforbruk			
Avsetning til disposisjonsfond			
Avsetninger til bundne fond			
Overføring til investeringsrekneskap	30 000	30 000	
Regnskapsmessig overskudd			
Avskrivninger	500 000	54 000	656 370
	11 900 270	10 964 782	12 167 594
	-267 324		11 439 440
	-2,2 %		728 154

	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Årsregnskap 2024
Brukerbetaling ved kirkelige tjenester	70 000	50 000	36 647
Annonseinntekter kyrkjeblad	75 000	100 000	64 600
Betaling fra deltakere (konfirmanter, inkl. leir)	240 000	360 000	318 740
Billettinntekter	30 000	40 000	69 426
Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	700 000	1 000 000	792 769
Avgiftspliktig salg av varer og tjenester (Gravstell)	400 000	420 000	324 861
Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner/tilskot frå NAV	260 000		
Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet			
Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	650 000		629 098
Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	1 140 000	1 300 000	1 139 971
Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	7 400 000	7 138 000	7 475 014
Tilskudd fra menighetsråd	50 000		45 144
Tilskudd/gaver fra andre, kyrkjeblad	200 000	250 000	219 293
Andre inntekter	150 000	200 000	240 564
Renteinntekter	40 000	25 000	48 398
Bruk av bundne fond			
Bruk av udisponert frå tidl år			
Regnskapsmessig underskudd			
Motpost avskrivninger	500 000	540 000	656 370
	11 905 000	11 423 000	12 060 895
	4 730	458 218	-106 699

			0
Investeringsbudsjett 2026			
Namna minnelund Norheimsund		3 500 000	
Klp-eigenkapital		30 000	27 621
Avsetninger til bundne fond			
Regnskapsmessig overskudd			
	0	3 530 000	27 621

Tilskudd/gaver fra andre			
Kvam herad	0	3 500 000	
Bruk av udisponert frå tidl år	0	30 000	
Bruk av bundne fond			
	0	3 530 000	0

29/25 Møtekalender hausten 2025

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd fastset fylgjande datoar for møte i fellesrådet hausten 2025:

- **18. september**
- **5. november**
- **3. desember**

30/25 Nytt restaureringsprosjekt: Øystese kyrkje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd bed kyrkjevevja søkja midlar til forprosjekt for restaurering av Øystese kyrkje, med tanke på eit hovudprosjekt på eit seinare tidspunkt. Hovudprosjektet må i neste omgang skje i dialog med Kvam herad, og samordnast med dei.

Kyrkjebevaringsfondet sine 10 milliardar ligg og strør sine millionar ut, og her må me etter kyrkjevevja sitt syn berre halda fram det gode arbeidet. Det er framleis slik at det er kyrkjer bygde i tidsrommet 1850 – 1900 som er prioriterte, og me har berre ei kyrkje som fell inn under denne kategorien, i tillegg til Strandebarm: **Øystese kyrkje**. Denne er slett ikkje i dårleg stand, og har fått mang ein ansiktsløfting dei siste åra gjennom gåver og dugnad. Dette har likevel stort sett vore nytta innomhus, mens det frå kyrkjebevaringsfondet si side oftast vert fokusert på ytre vedlikehald.

Kyrkjevevja sin plan er slik: me nyttar oss av Fartøyvernssenteret sine fagfolk til å fordjupa oss litt meir kva som ligg under den tilstandsrapporten som allereie føreligg. Den vart laga i 2022, og er eit svært godt utgangspunkt for vidare arbeid. Me har ein frist til 1. november om å søkja om

midlar til eit slikt forprosjekt, - **dette må me gjera**. Forprosjekta er 100% finansierte av riksantikvaren, og belastar såleis ikkje fellesrådet sin økonomi.

Basert på forprosjektet vil me så kunna søkja om eit nytt hovudprosjekt våren 2026, etter malen frå Strandebarm. Sjølve tiltaket vil neppe skje før i 2027, og treng difor ikkje budsjetterast med no. Truleg vil det vera om lag same tilråding på Øystese kyrkje som i Strandebarm: helletaket bør leggjast om. Kanskje kan me også få inn andre tiltak også, som nye og betre omnar, og betre luftfordeling inne i kyrkjerommet. Her er det mykje energi å spara.

Det er likevel maktpåliggjande at desse prosjekta skjer i dialog og forståing med Kvam herad. Løyvingane frå riksantikvaren dekkar som regel berre 40-50% av kostnaden, og ei restaurering i fleire-millionar-klassen vil såleis bety at heradet vil måtta stilla opp med kommunale investeringskroner. Kyrkjevevje vil difor halda dialogen med både dei folkevalde og med administrasjonen om dette undervegs.